

Mandat for områdetiltaket ”Heime og på støle”

Områdetiltaket er eit treårig utviklingsprosjekt for å sikre stølsbruken og dei verdifulle kulturlandskapa i fjellet i Vestre Slidre.

Mål

Målet er å oppretthalde den aktive stølsdrifta og dei verdifulle kulturlandskapa i fjellet.

Arbeidet skal starte no, medan det framleis er mange som stølar.

Effekten målast i er kor mange som stølar i kommunen om 3 år, kor mange som haustar i fjellet og er med på å halde kulturlandskapet i hevd, kor mange som gjennom prosjektet har utvikla tilbod eller produkt knytt til stølsdrifta osv. (Sett i forhold til kor mange som er aktive i dag.

Det er eit mål at stølsdrifta skal vere bærekraftig. Bærekraft har tre komponentar: natur, kultur og økonomi, dvs. stølsdrifta er bærekraftig når alle tre komponentane er rekna med.

Vi bør difor ha fokus på natur og landskap, lokalsamfunn/stølslag og økonomi. Vi skal støtte stølsbrukarane og andre som vil utvikle aktivitetar og vidareutvikle eller skape ny produksjon som fører til at stølsdrifta blir oppretthalden eller vidareutvikla. For å få dette til skal vi jobbe både heime og på støle.

Prosjektet og tiltaka skal evaluerast. Det er viktig å få erfaring med kva som fungerer og kva som ikkje fungerer. Like viktig kvifor det fungerer eller ikkje fungerer.

Delmål/resultatmål:

Natur og landskap: Det opne stølslandskapet gror att og dette er det som mobiliserer flest folk. Tiltak mot attgroing utløyser engasjement og er drivkrafta i mobiliseringsarbeidet. For å ta vare på dei verdifulle landskapa, må vi sikre at dei ulike stølslaga set i gang tiltak som dreg i same retning, og som underbyggjer deira særpreg og identitet. Enkle landskapsanalysar for kvart stølslag kan vere eit godt utgangspunkt. Tiltak som rydding av stølslag/utvalde område, opplegg for skjøtsel av rydda område, beiteplanlegging mv. som sikrar at det ikkje gror att, er resultatmål her.

Produktutvikling med utgangspunkt i stølane vil for mange vere knytt til reiseliv, aktivitetar, opplevingar og tilbod om overnatting og servering. Merkevarebygginga av Valdres og stølsriket Valdres likeså. Fjellområda våre er svært viktige for opplevingar, vi må forvalte naturen og landskapsbildet slik at vi sikrar attraktive område for friluftsliv og reiseliv.

Lokalsamfunn/stølslag: For stølsbrukarane er trivsel, samhandling, kompetanseheving og produktutvikling viktig. Resultatmål er trivselsfremjande tiltak, dugnadsinnsats, praktiske tiltak som mobiliserer pga trivsel, kor mange som aukar formell eller uformell kompetanse og kva for produkt som utviklast i perioden (t.d. kurs, kor mange, kva omfang, kvalitet).

Produktutvikling/Økonomi: Det skal løne seg å drive på stølen, både no og i framtida. Vi skal jobbe for auka inntenting til stølsbrukarane og hjelpe dei med rådgjeving og iverksetje tiltak som kan sikre vidare stølsdrift, der stølsbrukarane ynskjer det. Områdetiltaket skal hjelpe til med rådgjeving, søknadsskriving, produktutvikling, profilering og marknadsføring. Tiltaka skal underbygge merkevare Valdres/Valdres Natur og kulturpark.

Økonomiske rammer

Poster	Budsjett 2007
Løn prosjektleiar	350 000
Pensjon (14%)	49 000
Arb. gj. avgift: 6,4% av løn og pensjon	25 500
Reise	30 000
Kontorhald, inkl. kopiering, telefon osv.	46 000
Trykking/kopiering spes. rapportar, brosjyre el.l.	8 000
Styrehonorar (til dei som ikkje får dekt utgifter via jobben)	10 000
Div. uføresette utgifter (4,5 % av budsjettet)	31 500
Tiltak – tilskot til praktiske tiltak i regi av områdetiltaket	100 000
Sum	650 000

Finansiering	
Vestre Slidre kommune	250 000
Vestre Slidre fjellstyre	125 000
SMIL-midlar, FMLA til drift av områdetiltaket	175 000
SMIL-midlar, FMLA til konkrete tiltak	100 000
Sum 1. driftsår	650 000

Organisering

Områdetiltaket er eit brukarstyret prosjekt. Prosjektet skal følgje PLP-metoden, med ein formålstenleg detaljeringsgrad. Det er viktig at dei personane som utfører arbeid på eitt nivå, ikkje kontrollerar eller sit som utførande på eit anna nivå. Sjå modellen nedanfor.

Prosjekteigarar er dei to oppdragsgjevarane V. Slidre kommune og V. Slidre fjellstyre.


Styret for prosjektet er sett saman av representantar for stølsbrukarane v/interimstyret + representantar frå dei to oppdragsgjevarane.

Prosjektansvarleg er leiar av prosjektstyret og representerer stølsbrukarane.

Prosjektleiarstillinga blir utlyst av prosjekteigarane, i samråding med prosjektstyret.

Prosjektleiar blir tilsett av 2 representantar for prosjekteigarane samt 1 representant frå stølsbrukarane (prosjektansvarleg). Ved utlysing og tilsetjing for ei 100% stilling tek ein atterhald om at prosjektet blir fullfinansiert.

Avklaring av roller og fordeling av oppgåver



Prosjektplanlegging

Prosjektplan utarbeidast av prosjektleiar for eitt år om gongen. Styret v/prosjektansvarleg godkjenner prosjektplanen. Vegene må bli noko til medan vi går. Frå forprosjektet kjenner vi til at det er attgroinga som verkeleg mobiliserer, og at tiltak på ulike stølslag kjem til å ha ulik form og ulikt aktivitetsnivå. Sjå vedlegg med framlegg til tiltak frå Interimstyret.

Formidling og rapportering

Prosjektleiar rapporterer til styret ca kvar 3. månad. Arbeidsomfang: 4 ordinære styremøte per år. Styreleiar utarbeider halvårsrapport og årsrapport som godkjennast av styret før utsending til prosjekteigarane. Desse rapportane vil og tene som orientering til andre delfinansørar i ulike delprosjekt, og som underlag for søknadar.

Kontrakt

Det må sikrast kontinuitet i styret. Dette bør skje ved at berre to av styremedlemene er på val kvart år. Medlemer som representerer stølsbrukarane blir konstituert for fyrste prosjektår. Om og evt. korleis stølsbrukarane vel nye medlemer finn styret ut av i løpet av året. Vestre Slidre kommune blir formell arbeidsgjevar på vegne av prosjekteigarane. Kommunen utbetalar løn, held kontorplass og det som høyrer med til dette. (jfr. budsjett). Prosjekteigarane og prosjektansvarleg utarbeider stillingsinstruks og tilset prosjektleiar.

Mål: Utlysing 3-årig prosjektleiarstilling 1. des. 2006. Tilsetjing prosjektleiar 1. jan. 2007.

Underskrift prosjekteigarar og prosjektansvarleg:

Slidre, 29.november 2006

for V.Slidre kommune

for V.Slidre fjellstyre

for styret for
områdetiltaket